

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 2

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Foldereid

Emne: Transport av höy

Bygdelag:

Oppskr. av: P. Jæger-Leirvik

Gard:

(adresse): Sjölstad

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det som her blir fortalt, har eg frå bestefar min, bonde Svein Leirvik, fødd 1835, frå far min, bonde Peter P. Leirvik, fødd 1860 og frå ymse andre pålitande kjelder i bygda,-attåt mi eiga röynsle.

Frå kring 150 år sidan og til idag er det store omskifte både med slått og samling av höy. I gamal tid slo dei på myrer, i lier og fjell der dei kunne finne noko til livbergning for flest mulig husdyr over vinteren. Mange namn i fjell og utmark fortel om det. Og leitar vi vel, finn vi enno restar etter stakkved og utløer på dei gamle slatteplassane.

1) Transporten av höy var ymse for dei mindre, hestlause bruk og husmannsplassar og for gardar med hest. Slik var det i gamal tid, og slik er det idag, om skilnaden er mindre enn før.

For 40-50 år sidan vart det på det næreste slutt med å slå i utmarka. Men det hadde alt da i eit 50-år tatt jamt av. Dei større bruk slutta først. Some småbrukarar kunne likevel slå i dei beste gamle utmarksslåttane heilt til for eit tjugeår.

sidan når det vart lite for heime, ja, det har vel hendt seinare og. For å få heim dette höyet har det altid vore vissast å dra det på kjelke for dei som ikkje hadde hest sjølve. Dei minste brukta hadde jamnast også dei mest avbölte slätteplassane, så der ikkje var komande med hest. Men dei som kunne vente til det vart höykjöring fram imot vårparten, og det gjekk an å få til köyreveg, dei fekk ofte også köyring på höyet sitt av gode granar med hest.

2) Samlinga av höyet til törkeplassane, stakken eller löa, var frå gamalt også ymse. Frå småglener, der det var slemt å törke, eller der glenne-næ låg så spreidt at det var stor risiko å ha höyet så spreidt når det skulle samlast åt löa eller stakken, var det vanleg å bera ihop graset på ein god, litt større törkeplass i nærleiken av lagringsplassen. Var det ikkje for langt, bar dei graset i "svagga" (ein). Svaggan var ein grann björksvolk med sule i toppen. Sula knytte dei ihop til ei lykkje, som dei smetta rotenden inni og drog åt når dei hadde kjemma graset ekler höyet oppi svaggan. Dei "kjemma" höyet og graset - greidde det til i hövelege "kjemmor" - for at det skulle ligge betre i svaggan og spildast mindre. Denne höy - eller grasböra bar dei så på ryggen ved å legge rotenden av svolken over aksla. Var det særleg tung bör, og lendet var slik at dei ikkje hadde god unnabakke nedom bör, steig det gjerne eit menneskje attom og løfta under bör til beraren hadde fått ho på seg. Var det lang veg frå slättelandet til törkeplassen, stakken eller löa,

brukte dei "höymeis" (ei). Dette var ei vanleg meis, men mykje lenger, og med ein stol i nerenden, så graset skulle stoppe imot denne og ikkje sige ned. "Faltlan" var festa slik at meisa vart normalt sid med nerenden og hadde den større lengda oppfor skuldrane. (Sjå rids nr. 1) Dersom det var ei grei glenne med jamt botn og unnahalling utan hindring av skog o.l., brukte dei å dra svaggan etter seg. Men da spiltest det gjerne meir, så dei i tilfelle måtte ha höve til å rake etterpå. Særleg nemning på denne transporten hadde dei ikkje.

Så langt var det lik transport på gras og höy. Men for höy hadde dei også "höybåra", som altid vart brukt når det var to vaksne til å bera, nokor lunde grei veg og ikkje for kupert lende. Höybåra var ei grind av to staurar med tilskapa handtak på kvar ende, eit tvertre på kvar ende og eit par tvertre lenger innpå. (Sjå rids 2) Oppå denne grinda kjemma dei höyet i faste kjemmor, la desse greidt etter kvarandre, lag oppå lag, og knöa etter kvart höyet ihop så böra vart fast og sterke. Var det skogut eller på annan måte slik at det var nødvendig, sette dei over vidjeband - seinare taug - oog reipa åt. Det laut vera to helst nokorlunde jamnstore til å bera höybåra. Var det ujamne berarar, lesste dei meir på bakenden, der den sterkeste skulle gå. Elles lesste dei under omsyn til landskapet.. For bering mot bakke, lesste dei mest frampå, og for bering unna bakke mest attpå. Og dei lesste først frå den enden der dei ville ha mest. I svaggan tok dei ikkje andre

omsyn enn det som laut til for å få böra så fast at at minst mulig vart spiltt.

Dersom det var stutt höybering, laga dei "storkjæmm" (ei), og bar denne over eine skuldra. Storkjemma laga dei på den måten, at dei med riva greidde ut höyet imot eine foten. Dei sytte da for at kjemma vart så tjukk som det var råd,- opptil kneet var det vanlege, og at ho vart brei og ihoppressa etter kvart så ho vart sterke. Ein driven storkjem-berar ville ha kjemma så breid som riveskaftet rakk. Når kjemma var ferdig, stakk dei eine hande (venstre handa på högerhendt mann) til botnen midt i kjemma, og drog ihop med handa og riva, tok så att handa, greip godt tak over kjemma der foten hadde vore, flytta andre handa frampå riveskaftet med handbaken opp og svinga kjemma oppå skuldraa. Ein vaksen kar skulle kunne bera höykjemmor på ei våg (18 kg). Same vekta rekna dei på ei svaggabör og. Ti kjemmor vart rekna for eit lass (somarlass). På höybåra rekna dei at to vaksne karar skulle bera to storkjemmor.

Höymeisa gjekk av bruk med fjell- og markaslätten. Men dei andre nemnde transportmåtane er enno i hevd på små, hestlause bruk. Dertil har some dei siste åra tatt til å bruke trillebör eller handvogn til höykjöring. Det blir helst laga ei trillebör berre til dette bruk. Ho er lengre enn den vanlege trilleböra, er utan siddegavlar, ofte også utan bakgavl eller jamvel utan gavlar. Lasset blir surra med reip. Andre reidskap for höytransport utan hest er ukjende her.

Taugsekk, bunde av hampesnöre med masker som grovmaska not (mest likt kveitegarn) kom i bruk her kring 1910. Metoden kom fra Velfjorden i Nordland fylke. Taugsekk vart helst brukt når höyet skulle førast med båt. Han vart prövd til rulling i brattlende og, men dei tykte han sleitest for mykje mot stein og stuv, og reivest ofte sund ved slik bruk. Ein vanleg taugsekk tok 30-50 kg. höy. Men han gjekk snart or bruk att. No finst her berre nokre gamle ubrukande fillor i bygda.

Löypestreng til höytransport er berre så vidt brukt her for 20-30 år sidan.

Når bonna vart litt store - 12-14 år - vart dei nok med til höyberging i utmarksslåttane. Men höybering tykte foreldra var for tungt for dei dersom det fanst råd til å late dei sleppe. Derimot kunne dei dra svakkan om dei var yngre og.

3) Frå gamalt var det vanleg å ha fleire höylöor også på heimejordene. Engarealet låg spreidt i teigar som var skilde med opne bekkar, dalar og skogholt, så heimkjöring av höyet på somarføre kunne falle vanskeleg nok. Alt höyet som vart hausta i desse löene, vart köyrd heim på vinterføre. Likeins vart alt höy i utslåttar köyrd heim ~~om~~ vinteren.

4) Köyredonninga for höy er no å seie berre darrisvogna til somarbruk. Einskilde innflyttarar har til det siste brukt langvogn med to hjul, men no veit eg ingen som brukar det lenger. Dei van-

lege mål for höyvogna er 2.5x1.25 m med 0.8
~~høge~~ m. "sklinna" (grinder). Forstillinga på dei darrisvogner som brukset her, er samansett av desse delene: Hjulåsen, ein 5x5" oppbøyd treås som hjulakslinga ligg under og som armane er festa i. Eitt tvertre kring 30 cm. framom hjulåsen held armane ihop. Midt på hjulåsen og igjennom denne er ein jarnpik, fastskruva under hjulakslinga med mutter. Fremst på sjølve vogna er ein rull, like lang som vogna er brei, og midt på denne rullen eit hol. Når vogna og forstillinga skal koblast ihop, hektar ein vogna innpå forstillinga slik, at holet i rullen smett nedpå bolten (piken) på hjulåsen.

Hjulsleden hadde meiar framme og hjul bak. Det var den vanlege höydoninga frå 1850-60-åra. Dei første darrisvogner kom i bruk her ved hundradårskiftet. Hjulsleden var frå først av ein vanleg somarslede som dei sette hjul attunder.

Meiane var skodd "tunnur-drag" (grantunnur), for at dei skulle gli lettare og vera sterkare enn björka som til vanleg var vyrket i meiane. Same slag skoing brukte dei og på vintersleden i lang tid, og ^{del} hang i ei tid også etter at ~~skoinga~~ under meiane vart av jarn ("jarndrag"). Etter som hjulsleden vart einaste höysleden til somarbruk, vart tunnurskoinga avstutta til berre å rekke over meiane så langt attover som desse tok i jorda når dei köyrde.

Darrisvogna blir til vanleg no kalla "darrisen". Men det heng enno att å kallen höydoninga for "höyslean".

Reglar for kor ein kunne eller ikke

kunne kjøre med meiar, har det ikkje vore her i bygda. Hellerikkje har det vore slike reglar for kjøring med hjulty.

Det har altid vore brukt serskilt doning til höy- og kornkjøring. Först var det "meislean". Han hadde "röter" som stod opp på kvar ende så högt som "sklinnan". "Åvein" (sledebotnen) var tre "remma" av litt breie fjöler som var tilhogge av rotstokkar med vinkelrette röter. Rötene var så tilskapa til dei stolpane jamnhögt med sklinnane som dei kalla "röter". (Derfor kalla også some denne sleden for "rotslea"). På ytter-remmane snude dei "rötene" attover og på midtremma framover. Gjennom framrota tappa dei inn eit tvertre på midta like langt som sleden var brei. Tisvarande tvertre tappa dei igjennom dei to bakrötene.. Og på endane på rötene tappa dei ned like lange, men noko kraftigare tvertre. Millom endane på dei fremste tvertre og ned i ytterremmane trekte dei björke-vidjer og stramma til så det skulde bli stödig. På kvar utsida på sleden var det påsett "öyror" framme og krokar bak (på utsida av ytterremmene) til å feste sklinnane i. Övst på kvar ende på sklinnane hadde dei "sklinnband" - som regel av björke-vidjer. Desse festa dei på endane av rötene som stakk oppom dei övste tvertrea. Sklinnane var laga med "oka" (ein okji) kring 2"x2" tjukke og like lange som sleden. Til dette brukte dei smekker storgran. På kvar ende og på midten var inntappa tvertre ("slira" - ei slir) som heldt sklinna ihop og avgjorde högda på ho. Millom "sliran" var det inntrekt björkevier gjennom hol i okan. Sklinna er

stort sett den same enno, berre at björkeviene er utskifta med ståltråd. För stålträden kom i bruk, vart det ei tid nytta hampesnöre. Först i det siste er det kome ein ny skapnad på sklinnane, etter Moelven-modellen. Sklinnfestet er da også etter same modell. - Frå gamalt brukte dei ikkje noko hjöling over höyet på lasset. Dei lesste sklinnane berre "jamnkarra". No brukar dei fleste less-staur, ei trerå med kjettingfeste på kvar ende, eller reip.

Alt det som her er fortald gjeld somarkjöring. Ved vinterkjöring brukte dei ikkje sklinnar. Dei stappa ned staurar på sidene så breidt som dei ville ha lasset så det skulle bli beint, men la det elles ut mest mulig så det skulle bli stödig. Dei lesste så breidt, at om lasset velta, skulle det ikkje gå heilt rundt. Oppå lasset la dei så "saks" (tong), og "sette" det med to reip. (Åreipe eit höypass kalla dei å "sett" det). Det var rekna som eit godt karsverk å lesse vinterlasset stort og beint og godt. - Höysaksa (tonga) var ihopsett av to partar - to grinder - der tvertrea hadde hol i eine enden. Gjennom desse hola gjekk endane på ein midtstaur slik at det vart ein led. Sjå rids 3!

Eg har aldri höyrd om reglar for si-ste lasset, men det galldt da som elles å skrape med seg alt höyet så ikkje noko vart spilt. Höyvegane vart også pussa så langt det let seg gjera.

I ein fullstor höystakk skulle det vera to vinterlass, og to somarlass i eitt vinter-lass.

Så lenge dei brukte meislede (utan hjul) brukte dei to hestar for somarlasset.

5) Fellesslått var ikkje vanleg her. Anten slo dei kvar sin teig også i utmarka og fjellet, eller så slo dei teigen kvar sitt år. Deling av höyet var derfor ikkje turvande. Frå utslåttar nær garden köyrde dei heim höyet så snart det vart føre om vinteren. Sæter- og anna fjellhøy köyrde dei gjerne frå i februar og utover når dagane lengdest. Der det var mykje snö eller andre hindringar for å få til veg, venta dei helst til det vart skareføre i april. Dei som hadde slåtteland nær kvanandre snakka lag så dei köyrde samtidig. Dei brøyte da på veg ilag.

6) No er det slutt med utmarkslåtten. Derved slepp dei både brøyting og kjöring etter fjellhøy, og kan om somaren få betre tid på gardsdrifta heime. Men så har dei hellerikkje den avvekslinga i tilværet som fjellslåtten var, og som dei fleste - og særleg ungdomen - gledde seg til.


Ettne m. 2.

Transport av hög


10.

Foldereid


P. Jager-Leivina



1. Höganeis



2. Högkåre



3. Höysaks (tong)